

Til Hordaland Fylkeskommune  
v/ Fylkesordfører

# Høyringsfråsegn

---

Det er for tida høyring om intensjonsplanen som skal danna grunnlag for ein ny vestlandsregion. Som talerøyr for ei rekkje lag og organisasjonar innan kulturlivet i ein del av den planlagde nye regionen ønskjer Lindås kulturråd at administrasjonsmålet i ein slik vestlandsregion vert nynorsk, og at regionen bed om å få alle skriv frå staten på nynorsk.

Nynorsk er offisielt jamstilt med bokmål i Noreg. Dette er resultatet av ei historisk utvikling der Jamstillingsvedtaket i 1885 markerte eit hovudpunkt. Frå tidleg på 1900-talet var nynorsken teken i bruk i vestlandsfylka i skulen, kyrkja, lagsliv og bygdestyringa, slik at nynorsken vart konsolidert som det språklege uttrykket for den vestlandske identiteten. I dag legg me merke til at til og med Bergen kommune har gjeve uttrykk for at dei respekterer denne identiteten med å stø kravet om nynorsk som offisielt skriftleg mål for Vestlandsregionen.

Nynorsken er eit jamstilt språk som har høg offisiell status, men som likevel i realiteten er marginalisert over store delar av landet. Flesteparten av dei kommunane der me nynorskbrukarar møter språket vårt i kvardagen, er vestlandskommunar, og dei finst i alle dei tre noverande fylka Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Både for språkbrukarane og språket sjølv er det svært viktig at nynorsk vert brukt på administrativt plan, som er eit sentralt 'domene' for nynorsken.

I ein større samanheng spelar Vestlandet ei viktig rolle for nynorsken sin status, sidan språket er i mindretal nesten alle andre stader. Regionen har difor ei viktig oppgåve som forvaltar av nynorsken i Noreg. Om regionen ikkje tek ansvar for denne oppgåva, sviktar han seg sjølv. Vestlandet treng nynorsken, og nynorsken treng Vestlandet.

Som nynorskbrukarar vil me kjenna oss språkleg identitetslause i ein framtidig vestlandsregion som ikkje vert styrt på nynorsk. Og verre: Sidan bokmål dominerer i resten av landet, risikerer nynorsken å verta heimlaus. Korleis kan språket overleva i eit lengre perspektiv om det ikkje ein gong står sterkt i det som lenge har vore kjerneområdet?

Lindås kulturråd vil be Hordaland fylkeskommune om å vedta at administrasjonsmålet i ein ny vestlandsregion må vera nynorsk, og at regionen må kommunisera med staten på nynorsk.

Med helsing

Lindås kulturråd  
Einar Vatne  
leiar